

Høyringsinnspel, saksnummer 202205918

Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Viser til høyringsinnspel datert 24. april 2024.

Til liks med førre høyringsrunde og innspel datert 24. april 2024, vil eg på ny sterkt fråråde å gi løyve til utbygging av Selsvatnet og den øvre delen av Selselva. Her er ei oppdatering i høve synspunkt, medieomtale og ein film med viktig dokumentasjon av verdiane.

Norsk Vannkraft AS meiner det er naturvennleg å regulere Selsvatnet ved Storehesten. Snakk om grønvasking



Storehesten, også kalla Kvamshesten, og Selsvatnet, med sesongens første, vakre snødryss Foto: Stig Roger Eide

Sjå lesarinnlegg i Firda datert 25. november 2025. Lesarinnlegget låg lenge som toppsak på Firda sine nettsider, noko som skulle indikere at saka hadde stor merksemd og mange lesarar. Dette er ei sak som engasjerer, og mange er negative til utbygging i dette viktige natur- og friluftsområdet med landsskapskvalitetar i internasjonal klasse.

[Naturvern, Synspunkt | Norsk Vannkraft AS meiner det er naturvennleg å regulere Selsvatnet ved Storehesten. Snakk om grønvasking](#)

Her er lesarinnlegget i sin heilskap:

Norsk Vannkraft AS meiner det er naturvennleg å regulere Selsvatnet slik dei no føreslår. Snakk om grønvasking, snakk om uredeleg falskneri!

Det som er naturvennleg, er å la naturen vere slik den er. Om demninga i Selsvatnet ved Storehesten er ein eller ti meter høg, er det eit inngrep i urørt natur som ikkje på noko vis samsvarer med kostnaden av å punktere eit frå før urørt fjellområde, for ikkje å snakke om det vesle dette eventuelt vil gi av ny energi.

Selselva og Selsvatnet ved det mektige og ikoniske fjellet Storehesten, også kjend som Kvamshesten, står i fare for å bli demt opp. Eit heilt urørt fjellmassiv som betyr mykje både praktisk og emosjonelt for mange tusen menneske, og som framfor alt er leveområde for store og små medskapningar, villrein, fuglar, insekt og plantar, er føreslått bygd ut.

No er di stemme og dine innspel viktige. Sunnfnjard kommune og statsforvaltar i Vestland var negative til denne utbygginga i førre runde. No har utbyggjar gjort nokre kosmetiske endringar, men like fullt er dette endå eit bidrag til bit-for-bit-nedbygginga av norsk urørt natur, og såleis eit heilt uakseptabelt inngrep.

Men saka kjem altså opp på nytt, så urettvis som prosessen enn opplevest, og vi må syte for at det framleis blir eit tydeleg nei!

Ifølgje forslaget skal vatnet få ei demning i utløpet mot Bygstad og Dalsfjorden. Vi veit av bitter erfaring at viss det først vert opna for utbygging, kjem det planar om nye tiltak og utvidingar om få år. Då har ein slått hol på denne juvelen av eit fjellmassiv som no også har fått UNESCO-status på grunn av fjellformasjonar og geologi.

Alle som kan, må utforske dette spektakulære landskapet i Fjordkysten Regional- og Geopark, som fjellmassivet kring Storehesten er ein del av. Parken strekkjer seg over dramatiske fjordar, ope kystlandskap, og imponerende fjellformasjonar lengst vest i Noreg. Dette er mitt heimområde, og eg kan love at eg og mine sambygdingar er stolte over den ville og mektige nærnaturen vår.

Urørt natur er ein knapp ressurs. Nye inngrep må unngåast, anten dei er store eller små. Dei glitrande fjellvatna og dei buldrande, vassrike elvene som kastar seg utfor fjellet mot fjorden, må vernast mot oppdemming og temming. Dette er verdfulle smykke av landskapselement som ikkje berre gir storslegne naturopplevingar, men som også bidreg til identitet og stadkjensle. Naturen er bustad for plantar og dyr som ikkje kan ofrast og setjast i spel for nokre få kilowattimar (kWh) og pengar i lomma til utanlandske eigarar.

Sei di meining om dette føreslåtte inngrepet. Del dine opplevingar frå turar og observasjonar i dette området med så mange som råd. Send ditt høyringssvar til NVE innan fristen 1. desember. Sjå nettsida deira og søk på Selselva kraftverk.

La oss ta godt vare på naturen vår for komande generasjonar og på vegne av våre samskapingar.

Helene Ødven

Nestleiar, Naturvernforbundet»

I etterkant av dette lesarinnlegget, laga også Firda ei sak. Denne vart publisert 28. november 2025.

Sunnfjord

Rasar mot endå eit forsøk på å demme opp Selsvatnet



Stig Roger Eide meiner at Selsvatnet må vernast for all utbygging. Foto: Ivar Bruvik Sætre / Stig Roger Eide

Sunnfjord, Førde | Rasar mot endå eit forsøk på å demme opp Selsvatnet

«Stig Roger Eide kallar området ved Selsvatnet er eit smykke som må vernast. Selskapet meiner dei har lytta og skore planane heilt inn til beinet.»

«Selskapet Norsk Vannkraft AS har tidlegare søkt om å bygge kraftverk i Selsvatnet i fjellområda ovanfor Bygstad. Det fekk nei, både av Sunnfjord-politikarane og Statsforvaltaren.

Fleire grunneigarar har også uttala seg negativt om prosjektet.

No har dei sendt inn ein revidert søknad.»

«Stig Roger Eide: – Området er eit smykke

Stig Roger Eide er ivrig brukar av fjellområda rundt vatnet. Han legg ikkje fingrane imellom:

– Området rundt Storehesten er heilt urørt høgfjellsområde. Det må ikkje lagast vasskraft i Selsvatnet! seier han.

Då planen om vasskraft i Selsvatnet først blei lansert hadde området enno ikkje fått UNESCO-status. Eide viser til akkurat denne UNESCO-statusen, noko han gir saka ekstra tyngd, og peiker til at Selsvatnet bør vernast for all vasskraftutbygging.

– Dette er det største vatnet i heile Storehesten-området. Det ligg som ei perle ved vestfoten til Storehesten – eit smykke som må behaldast urørt i Sunnfjord, seier Eide.

Han poengterer at han støttar fornybar energi. Men ikkje når kraftvinninga er marginal – og ikkje i verna område:

– Då blir scenarioet bit for bit. Selskapet tenker at «vi får til ein meter oppdemming, så får vi meir i neste runde». Slik kan vi ikkje ha det, seier han.

– Nei betyr nei

Eide stussar også på prosessen:

– Eg skjønner ikkje at når det var eit klokkeklart nei, at du skal kunne søke på nytt? Eg trudde eit nei burde tolkast som eit nei – ferdig med det, seier han.»

I saka fekk eg også uttale meg, og vart sitert på følgjande:

Naturvernforbundet: – Grønvasking å kalle det naturvennleg

Nestleiar Helene Ødven i Naturvernforbundet, er kritisk:

– Det som er mest naturvennleg, er å la naturen vere slik den er. Dette er framleis eit inngrep som kan punktere eit fjellområde som vi bør ta vare på, seier Ødven.



Nestleiar i Naturvernforbundet, Helene Ødven seier at prosessen rundt byggesøkkadar for vasskraft er udemokratiske. Foto: Sveinung Skjong Arnestad / Øystein Silde Frønsdal

Naturvernforbundet: – Grønvasking å kalle det naturvennleg

Nestleiar Helene Ødven i Naturvernforbundet, er kritisk:

– Det som er mest naturvennleg, er å la naturen vere slik den er. Dette er framleis eit inngrep som kan punktere eit fjellområde som vi bør ta vare på, seier Ødven.

Ho meiner reformene og omkampane som følger slike saker, har ein kostnad i seg sjølv.

– Som samfunn må vi ta inn over oss kostnaden av alle desse omkampane. Dette er ikkje ulovleg, men det forsvinn meir og meir natur – og det blir ubehageleg for folk flest, seier ho.

Og legg til:

– Eg ser at dei kjøper opp mange småkraftverk som går dårleg. Det ligg i korta at det kan vere ein taktikk for å gå vidare med større, oppdemde fjellvatn-prosjekt seinare.

Ulempene for reiseliv, fugl og villrein er vanvettig mykje større enn fordelane.

Energivinsten er ubetydeleg i høve, seier ho.

«Udemokratisk»

Sjo svarar på kritikken om at slik systemet er lagt opp i dag er udemokratisk. Eit selskap kan i dag søke med ein ny søknad sjølv om kommune og Statsforvaltar har gitt sitt endelege nei.


– Vi har lytta, justert og tilpassa prosjektet etter høyringsinnspela. Vi meiner heller dette er eit uttrykk for eit fungerande system som tek innspel på alvor – ikkje det motsette, seier dagleg leiaren.

Men Stig Roger Eide er likevel uroleg for slik systemet er i dag:

– Så lenge dei store økonomiske interessene dukkar opp igjen og igjen, må vi vere på alerten. Eg set mi lit til at både kommunen og Statsforvaltaren seier nei av same grunn som sist, seier han.

Selsvatnet og UNESCO-status Fjellområdet rundt Storehesten fekk UNESCO-status i 2024, og vert omtalt som eit geologisk og naturfagleg unikum i fylket. Det har lenge vore eit populært turmål – og no sentrum for ny kraftdebatt.»

Sjå også den nye filmen som er laga frå vassdraget Selselva og Selsvatnet, og kringkasta på Naturvernforbundet Sogn og Fjordane sine sosiale medier, og delt av veldig mange personar.



<https://www.facebook.com/share/r/1WNAKhjMNI/>

Saka har skapt eit enorm engasjement lokalt, noko ein kan sjå av alle høyringsinnspela som har kome inn. Her er det mykje interessant kunnskap som vert delt, og mange viser til si sterke knytning til området. Dette vitnar om at den øvre delen av elva og fjellvatnet må få bli urørt. Eit minimalt bidrag med ny fornybar kraft ikkje kan la seg måle opp mot verdiane som ligg i både folks relasjon til og bruk av dette viktige natur- og friluftsområdet, og det sjølvsegte med å ta vare på naturen for verdien den har i seg sjølv og herunder også våre medskapingar. Dette er eit av mange bidrag til bit-for-bit-nedbygginga av norsk natur.

Med vennleg helsing,

Helene Ødven

Nestleiar Naturvernforbundet

Tidl. dagleg leiar i DNT/Bergen og Hordaland Turlag og talsperson for DNT Vest

